



09.07.2014

Sogn og Fjordane fylkeskommune -  
Utval for undervisning  
v/Norvald Nøringset,  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Arkivsak: 13/2108  
Løpenr.: 14/8439  
Sakshandsamar:  
Liv Helen Nystuen

## **Gjeld vedteke elevreglement - tobakksfritt miljø ved alle skular.**

Ungdommen sitt kommunestyre i Luster (UK) drøfta ei ev. uttale til vedteke elevreglement for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane (som m.a. har som føremål eit tobakksfritt skulemiljø) i møte den 10. juni d.å., sak 34/14. Arbeidsutvalet fekk fullmakt til å forfatte ein uttale der det vert lagt vekt på at eit tobakksfritt miljø skal gjelda både for lærarar, andre tilsette og elevar.

Arbeidsutvalet hadde saka føre i møte den 25. juni d.å., sak 44/14 og kom fram til fylgjande uttale:

*Ungdomsrådet i Luster kommune har forståing for at skulemiljøet vert tobakksfritt, men stiller seg uforståande til at det er mogleg å skille eit arbeidsmiljø /skulemiljø i ulike grupperingar.*

*Respekten for forbodet er avhengig av at det vert praktisert som eit prinsipp, og at det kan handhevast av dei som får mynde til det.*

*Dersom føremålet er å få eit tobakksfritt skulemiljø må dette gjelda for alle som arbeidar, eller oppheld seg innanfor skulen sitt definerte område.*

Med helsing

Julie Hatlevoll (s)  
leiar skuleåret 2013-2014  
tlf.: 452 72 957

Liv Helen Nystuen  
sekr. for UK i Luster

Kopi til: Media v/Sogn Avis, Riverdalen 5, 7863 Leikanger og NRK Sogn og Fjordane, postboks 100, 6801 Førde.